

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsuttale Steinsvassåne kraftverk, Fyresdal.

Eg viser til kunngjering i Vest-Telemark Blad 2.6.2017. Eg åtte gnr/bnr 25/7 som omfattar mykje av Steinsvatn i 30 år fram til eg overlot garden til sonen min i 2012. Med dette vil eg gjera kjent min skepsis til reguleringsplanane.

Steinsvatn har fram til hausten 2016 vore heilt fritt for tekniske inngrep av noko slag. Ingen vegar og ingen hytter. Hausten 2016 blei det grave opp ein veg frå tunnelinntaket til Soks kraftverk og opp til Steinsvatn. Tiltaket blei påklaga og det blei gitt pålegg om å legge massane tilbake og slette inngrepet. Det er nå gjort. I mellomtida har det nå blitt presentert ein søknad om konsesjon til å regulere Steinsvatn og utnytte det fallet som er igjen i eit nytt kraftverk. Tiltaket vil føre til at ca 350 m av Steinsvassåne blir lagt i rør. Denne delen av elva har to fine fossefall og er også registrert som ei eiga naturtype. I den øvre delen av elva kan vassføringa i periodar bli redusert til minstevassføring 30 l/s. Den øvste hølen blir demt opp til nivå med Steinsvatn som får ei reguleringshøgde på 95 cm.

I søknaden er det hevda at Steinsvatn har vore regulert tidlegare. Det ligg nokre stokkar i utløpet av vatnet, truleg frå før 1920-talet. Motivet med tiltaket er ukjent. Det verkar lite sannsynleg at det har hatt noko samband med tømmerfløyting. I søknaden er det vist til ei mogleg utvaskingssone. Noko utvaskingssone har eg aldri lagt merke til sjølv om eg har besøkt vatnet kvart år i meir enn 30 år.

Steinsvatn har fram til i dag vore eit veldig urørt område. I gamle dagar hadde ein Smelandsvegen mellom Kilegrend og Gjøvdal. Denne vegen gjekk like forbi oppe i nordenden av vatnet, og her var det ein plass på svaberga kalla Steinsvassringen. Der møttest folk frå Gjøvdal og Kilegrend til dans og moro. Nå er vegen merka opp på nytt frå Kilegrendside, og skogsbilvegen fram til starten av turvegen er open. Eg har vore turleiar for 3 turar til Steinsvatn i regi av Fyresdal turlag som er lokallag av AOT. På ein av turane var det med 35 deltakarar.

Steinsvatn er 2,1 km² stort og har ei strandline på meir enn 1 mil. Sjølv med ei så beskjeden regulering som det her er søkt om er eg redd for at det vil bli ei sone kring vatnet som vil skilje seg markert ut og synast skjemmande. I nordenden er vatnet grunt, og reguleringssona vil her vera særleg merkbar. Her er det også fint å bade.

Rapporten frå Rådgivende biologer verkar grei nok men dreiar seg mest om elva Soks og lite om sjølve Steinsvatn. Ein ser nok ein gong kor vanskeleg det er å få fram verdien av urørt natur utan å ha førekomstar av spesielle artar eller rikt artsinventar å vise til. På den måten kjem vassdraga på Sørlandet ofte ut med små negative konsekvensar når det kjem utbyggingsplanar.

Kilegrend, 12.8.2017
Helge Kiland

Vedlegg:

Kart med turløype til Steinsvatn.